

# Møteprotokoll

**Utval:** Ålfotbreen verneområdestyre  
**Møtestad:** Quality Hotel, Florø  
**Dato:** 23.11.2015  
**Tidspunkt:** 10:30 – 12:30

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ola Tarjei Kroken	Medlem	
Bengt Solheim-Olsen	Medlem	
Nina Klara Grotle	Medlem	
Anita Nybø	Medlem	

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Holen	Naturoppsyn
Alf Erik Røyrvik	Verneområdeforvaltar

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

---

## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 7/2015	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 8/2015	Godkjenning av protokoll frå førre møte		
RS 2/2015	Orienteringssaker		
ST 9/2015	Ålfotbreen landskapsvernområde - Søknad om fornying av helikopterløyve		2012/3607
ST 10/2015	Ålfotbreen verneområdestyre - Bestillingsdialog for 2016		2015/3988
ST 11/2015	Eventuelt		

### ST 7/2015 Godkjenning av innkalling og sakliste

#### Framlegg til vedtak:

Styret godkjenner innkalling og sakliste

### Saksprotokoll Ålfotbreen verneområdestyre ST 7/2015

#### **Vedtak:**

Styret godkjente innkalling og sakliste

### ST 8/2015 Godkjenning av protokoll frå førre møte

#### Framlegg til vedtak:

Styret godkjenner og signerer protokoll frå førre møte

### Saksprotokoll Ålfotbreen verneområdestyre ST 8/2015

#### **Vedtak:**

Styret godkjente og signerte protokoll frå førre møte

## RS 2/2015 Orienteringssaker

- Delegert vedtak  
Flora turlag fekk løyve til å lande med helikopter ved Blåbrebu og Gjegnabu. Løyvet vart gjeve som delegert vedtak frå forvaltar. Føremålet er transport av forsyningar og utstyr til hyttene.
- Nye vedtekter  
Miljødirektoratet har vedteke nye og oppdaterte vedteker for verneområdestyra. Mange av endringane er mindre oppdateringar og tilpassing til gjeldande forvaltningspraksis. Største endringa er auka høve til å delegere vedtaksmynde til forvaltar. Etersom det no skal oppnemnst nytt verneområdestyre, ser eg det som naturleg å legge den saka fram for det nye styret når det er konstituert.
- Tiltak i 2015:
  - Utedo i Hope. Det største tiltaket i år har vore å få bygd ein utedo for turfolk i Hope. Her startar den mest brukte ruta til Gjegnabu og Gjegnen. Tiltaket kom i gang etter innspel frå grunneigar, og resultatet har blitt veldig bra.
  - Elles er vi i samtale med grunneigarar, SFE m.fl når det gjeld tilretteleggingstiltak i innfallsportane i Ålfoten. Her har vi fått produsert advarselsskilt for å varsle om steinsprangfare langs ein merka sti, og vi er i dialog om fleire tiltak både lengs stien frå Åskora og i Førdedalen.

Arkivsaksnr: 2012/3607-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 12.11.2015

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	9/2015	23.11.2015

## Ålfotbreen landskapsvernområde - Søknad om fornying av helikopterløyve

### Saksprotokoll Ålfotbreen verneområdestyre ST 9/2015

#### Vedtak:

Leidulv Solvang får løyve til å lande med helikopter på tre ulike stader som er merka av på kart, i samband med uttransport av hjortekjøtt under jakta. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt. 5.3.b).

#### Vilkår for løyvet:

- Dette løyvet skal vere med under landing/transport.
- Løyvet gjeld for fire år, perioden 2016 til og med jakta 2019.
- Landinga skal berre skje innanfor jakttida for hjort, som er 1.9 – 23.12.
- Motorferdsla innanfor landskapsvernområdet skal avgrensast til det som er naudsynt, og det skal takast omsyn til vilt og eventuelle turfolk i området.
- Statens naturoppsyn skal varslast (tlf: 975 95 102) før landing i verneområdet finn stad.
- Etter gjennomført flyging skal denne rapporterast til verneområdeforvaltaren.

### **Framlegg til vedtak frå forvaltar**

Leidulv Solvang får løyve til å lande med helikopter på tre ulike stader som er merka av på kart, i samband med uttransport av hjortekjøtt under jakta. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt. 5.3.b).

#### Vilkår for løyvet:

- Dette løyvet skal vere med under landing/transport.
- Løyvet gjeld for fire år, perioden 2016 til og med jakta 2019.
- Landinga skal berre skje innanfor jakttida for hjort, som er 1.9 – 23.12.
- Motorferdsla innanfor landskapsvernområdet skal avgrensast til det som er naudsynt, og det skal takast omsyn til vilt og eventuelle turfolk i området.
- Statens naturoppsyn skal varslast (tlf: 975 95 102) før landing i verneområdet finn stad.
- Etter gjennomført flyging skal denne rapporterast til verneområdeforvaltaren.

### **Vurdering**

#### **Dokument i saka:**

- Søknad om fornying av helikopterløyve frå Leidulv Solvang
- Løyve til helikopterlanding for 2012 – 2015
- Kart som syner aktuelle landingsstader

#### **Søknaden**

Leidulv Solvang har i åra 2012 – 2015 hatt løyve til å lande med helikopter inne i Ålfotbreen landskapsvernområde i samband med uttransport av felt hjort. Solvang søkjer om å få fornya dette løyvet, på same vilkår som tidlegare. Søknaden gjelder inntil to landingar, i jakttida for hjort (1.sept – 23.des).

Vedlagt til søknaden ligg kart som syner tre aktuelle landingsstader.

#### **Forskrift og regelverk**

Motorisert ferdsle er i utgangspunktet forbode til lands og i vatn i landskapsvernområdet. Forbode gjeld og landing med luftfartøy. Men forvaltingsstyresmakta kan gje dispensasjon frå dette forbode i enkelte tilfelle, mellom anna i samband med storviltjakt jf. verneforskrifta §3 pkt. 5.3.b):

*Verneforskrifta § 3:*

*5.3 Forvaltingsstyresmakta kan gi løyve til naudsynt bruk av båt med motor, lett motorkjøretøy eller luftfartøy i samband med:*

*[...]*

*b) storviltjakt*

Styret har derfor heimelsgrunnlag for å gje ein slik dispensasjon som det er søkt om.

Søkjaren må sjølv sørge for å ha på plass naudsynte løyver i frå dei regelverka som vert handsama av kommune og andre. Til dømes løyve frå kommunen i tråd med lova om motorferdsel i utmark.

## **Vurdering**

Jaktlaget i Grøndalen driv med hjortejakt på ein del stader kor det er veldig langt å transportere kjøtet ut. I dette området kan det verte skote mange dyr på ein dag, og bruk av helikopter kan i praksis vere einaste måten å få ut kjøtet på. Føremålet og behovet som ligg bak søknaden vart grundig vurdert i løyvet frå 2012, og forvaltaren viser til denne vurderinga.

Erfaringane med det tidlegare løyvet er gode. Det har ikkje kome negative tilbakemeldingar frå andre brukarar og forvaltninga har og inntrykk av at søkjaren har vore nøgd med løyve og vilkår som er sett. Det har ikkje kome nye moment til saka etter at det tidlegare løyvet vart gjeve.

## **Vurdering opp mot miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova**

Jamfør naturmangfaldlova (nml) § 7, skal alle vedtak som kan ha verknad på naturmiljøet vurderast opp mot prinsippa i §§ 8-12 i same lova.

Kunnskapsgrunnlaget i denne saka (jf. nml § 8) bygger på erfaring med tidlegare løyve og saker i dette området, samt databasar som naturbase og artskart. Desse databasane syner ikkje nokon førekomstar eller registreringar ved landingsstadane som kan verte påverka av aktiviteten. Det kan førekome hekking av rovfugl i dette området, men sidan søknaden gjelder jakttida på hausten er ikkje det relevant for denne saka. Saka er godt opplyst og kunnskapsgrunnlaget er godt, føre-var-prinsippet i nml § 9 vert derfor ikkje vektlagt.

Den samla belastinga av motorferdsel i dette området (jf. nml § 10) er liten. Det er særst få slike saker i Ålfotbreen, og dei fleste gjeld eit veldig lite tal på turar med helikopter. Omfanget av motorferdsel er derfor lågt og den samla belastinga er godt innanfor det som er akseptabelt. Det er ikkje venta at det kan oppstå skader på naturmiljøet, jamfør nml § 11. Bruk av helikopter er den mest skånsame og i praksis einaste aktuelle metoden for å gjennomføre slik transport på (jf. nml § 12).

Arkivsaksnr: 2015/3988-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 16.11.2015

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	10/2015	23.11.2015

## Ålfotbreen verneområdestyre - Bestillingsdialog for 2016

### Vedtak

Styret vedtok å sende følgjande liste inn til Miljødirektoratet som bestillingsdialog for 2016:

Prioritet	Tiltak	Skildring av tiltaket	Kostnads- overslag	Vidareføring av påbegynt tiltak
1	Stiltak	Mindre tilretteleggingstiltak langs dei merka rutene i og rundt Ålfotbreen lvo	100000	ja
2	Molo Mettenes	Støtte bygging av molo ved Mettenes. Skal vere tilgjengeleg for ålmenta	100000	nei
3	Fjerning av framande artar	Kartlegge og fjerne førekomstar av gran i verneområdet	30000	ja
4	Informasjonsbrosjyre	Lage og trykke informasjonsbrosjyre om verneområdet	50000	nei
5	Naturmøteplass Førdedalen	Bygge gapahuk, utedo, parkering i Førdedalen	40000	ja
		<b>Totalt</b>	<b>320000</b>	

## ST 11/2015 Eventuelt

- **Møteserie**

Ålfotbreen verneområdestyre skal vinteren 2015/2016 ta initiativ til ein "møteserie" der styre og forvaltning vil møte turlag, reiselivsnæring og eventuelt andre brukarar rundt Ålfotbreen landskapsvernområde.

Mål med desse møta:

- Brukarar av områda kan lære om forvaltninga
- Det nye styret får lære om sjølve området og bruken av det
- Verneområdestyret får innspel til kvar det er behov for tiltak
- Verte kjent og bygge nettverk.